



--

<b>Arkiv saknr:</b>	2019/1389
<b>Løpenr.:</b>	12457/2019
<b>Arkivkode:</b>	153/1

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Thor Christiansen

## Søknad om konsesjon - buplikt på gnr. 153/1 i Vinje

### Vedlegg:

- 1 Søknad om konsesjon - gnr. 153/1 i Vinje
- 2 Gardskart gnr. 153/1 i Vinje

### Dokument i saka:

Orientering om buplikt – 2.5.2017.  
Eigenfråsegn om konsesjonsfridom – 5.10.2017.

### Bakgrunn:

Øystein Olav Mo har overteke landbrukseigedomen Øvre Mo gnr. 153/1 på Rauland i januar 2018 frå sin far. Han overtok konsesjonsfritt på vilkår at han skulle busette seg på eigedomen innan eitt år. Overdraginga er tinglyst 8.1.2008. Eigedomen har 39 dekar fulldyrka jord og 630 dekar skog (totalt areal er 1255 daa), og er såleis omfatta av buplikt etter konsesjonsloven § 5, 2 ledd.

I brev frå Vinje kommune 2.5.2019 blir eigar orientert om at vi ikkje kan sjå at han er registrert busett på staden, jf Folkeregisteret. Han blir vidare orientert om konsekvensar av å ikkje stette vilkåret om buplikt – og beden om å søkje konsesjon om han ønskjer om å lempe på dette kravet.

I mottteken søknad om konsesjon på erverv av gnr. 153/1 bed han om utsett frist for buplikt på tre år – grunngjeve ut frå at det er buplikt på deira bustad i Kragerø. Ektefellen driv og næringsverksemd på staden. Far til søkjer – Kjell Torp – bur på eigedomen i dag. Øystein Olav Mo har vakse opp der. Jordbruksarealet er i dag leigd bort.

### **Vurdering:**

I følgje konsesjonsloven § 9, fjerde ledd skal søknader som gjeld nær slekt som ikkje skal oppfylle buplikta handsamast etter noko andre reglar enn ved ei vanleg søknad. Dei skal då vurderast etter § 9, 1 ledd nr. 1, 2 og 4:

- 1. om ervervets formål vil ivareta omsynet til busettinga i området,*
- 2. om ervervet inneberer en driftsmessig god løsning,*
- 4. om ervervet ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

I tillegg skal det blant anna skal *"legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment"*.

I følgje søknaden har søker intensjon om å flytte til eigedomen - men bed om ei utsetting for å områ seg i høve til sin livssituasjon i Kragerø. I følgje vilkår for konsesjonsfridom skulle han ha vore busett på garden i januar 2019.

Så lenge ikkje søker bed om varig fritak frå buplikta, ser sakshandsamar meir på søknaden som eit ledd i ei smidig form for generasjonsskifte på ein landbrukseigedom – der den eldre generasjonen fortsett bur på eigedomen. Det er såleis grunnlag for – etter sakshandsamar sitt syn – å meine at søknaden ikkje er strid med omsynet til busettinga i området på litt lengre sikt.

Søkar overtek ein samla landbrukeeigedom i grenda, med tun der både våningshus og driftsbygning med meir er godt opprusta, samt med jordbruksareal og skog/utmark. Dette kan neppe vere i strid med omsynet til driftsmessig god løysing, samt heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Det skal leggjast vekt på eigedomen sin storleik, evne til avkastning og standarden på bygningane. For eigedomen Øvre Mo tyder det på at dette er ein eigedom der eigar både bør bur på, og sørge for blir driven. Det kan neppe vere aktuelt å gje varig fritak frå buplikt, men at ein kan gje ei utsetting i inntil tre år så lenge nokon bur der. Å syne til buplikt i Kragerø er neppe eitt relevant argument for å sleppe buplikt i Vinje. Men tre år til bør vere ei rimeleg god tid for å førebu seg på å flytte opp.

Etter rådmannen sin vurdering vil søker sin tilknytning og livssituasjon då vere eitt korrigerande moment som gjev grunnlag for å tilråd søknaden om konsesjon - men med vilkår om buplikt etter tre år.

Etter konsesjonsloven § 11 kan kommunen setje vilkår for konsesjon av mellom anna omsynet til busetting. Buplikt er i konsesjonsloven § 6 definert som at eigar *skal ta eiendommen som sin reelle bolig. En eiendom er tatt som reell bolig hvis eieren er registrert bosatt på eiendommen etter regler fastsatt i eller i medhold av lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering.*

Til orientering set denne lova krav til at både ektefelle og mindreårige barn skal ha felles folkeregistrert adresse.

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

**Plan – og miljøutvalet gjev Øystein Olav Mo – i medhald av konsesjonsloven § 9 – konsesjon på erverv av gnr. 153/1 i Vinje. Etter konsesjonsloven § 11 blir det sett vilkår om at søker tar eigedomen som sin reelle bustad innan 1.7. 2022, og er registrert busett der i tråd med folkeregisterloven i minst fem år.**

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/